

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud,  
Thomas Nilsen – 1.vara, Helene Høye – 2.vara  
Forfall: Camilla Granlien og Thor Hauknes

Frå administrasjonen:

Linda Dyrnes – dagleg leiar, Ingrid S. Stuhaug – tilsettes representant, Øyvind Sandum under sakene 23 og 24, Audun Stokke Hole og Liv Annette Nygjerdet under sakene 27 og 28.

**Tid:** Tysdag 8.mai kl.10-17

**Stad:** Schous

## Referat

- Styresak 2018/21 Innkalling og sakliste
- Styresak 2018/22 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2018/23 Fordeling av rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica.
- Styresak 2018/24 Kriterium for årets folkemusikkarrangør
- Styresak 2018/25 Høyringsinnspeil til regionreformen
- Styresak 2018/26 Møtekalender hausten 2018
- Styresak 2018/27 Informasjonsarbeidet i FolkOrg
- Styresak 2018/28 Arbeidet med Folkemusikk og vegen vidare
- Styresak 2018/29 Samarbeid med Nordlek
- Styresak 2018/30 Nye reglar for diett- og kjøregodtgjersle
- Styresak 2018/31 Seminar om tilskotsordningar og stiftningar
- Styresak 2018/32 Eventuelt

**Styresak 2018/21 Innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Innkalling og sakliste vert godkjend.

**Styresak 2018/22 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Driftsrapport per 24.april 2018
  - a. Rådgjeving/Opplæring/service
    - i. NMR driv med forhandlingar med TONO med ønskje om å få til ei rammeavtale for små frivillige arrangørar.
    - ii. Dei to nye laga i FolkOrg; Folkedanslaget Springar'n og Trondheim Toradergruppe, er presentert på folkorg.no og på Facebook. Dialog med Asker spell- og danselag om å melde seg inn i FolkOrg.
  - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
    - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
      - 1. Mykje informasjonsarbeid for arrangementa, førebuing til sommaren og opplæring av lokale arrangørar.
      - 2. Marknadsføring av LK og LF i Folkemusikk og i festivalguiden til Lira.
      - 3. Klargjering av logoar mm til neste års arrangement.
    - ii. Folkelarm
      - 1. Har vore på NordTrad for å snakke med studentar og lærarar om Folkelarm.
      - 2. Var på Folk Alliance Sweden og knytt kontaktar til Folkelarm.
      - 3. Vi har søkt midlar til Folkelarm frå ulike kjelder.
      - 4. Har sendt ut e-post til alle delegatane vi har i systemet med datoar for Folkelarm 2018.
      - 5. Har funne jury til Folkelarmprisen
      - 6. Har avtalt med Folk Spot Denmark at vi sender Raabygg til Tønder Festivalen
      - 7. Har hatt jurymøte med showcasejuryen og valt artistar som får spela på Folkelarm.
      - 8. Marknadsfører Folkelarm i Folkemusikk og i Lira.
    - iii. Meisterkonserten
      - 1. Har laga annonse for Meisterkonserten som skal være med i Folkemusikk nr 2/18
    - iv. INTROFolk
      - 1. Har send søknad til RFF om pengar til INTRO-folk
      - 2. Vi har fått signerte kontraktar frå festivalane og alle unntatt Førde har funne 2 lokale meddommarar til semifinalane. På Telemarkfestivalen vert det Kristian Ihle Hanto og Kari Lønnestad og på Folkemusikkveka vert det Sigbjørn Rua og Leif Stinnerbom.

c. Informasjon og opplysning – oppsummering:

i. Folkemusikk – magasinet:

1. Folkemusikk nr. 2/2018 blir sleppt i veke 21.
2. **Kritikkloft:** Folkemusikk har motteke kr 150 000 til kritikkloft, i tillegg til dei 50 000 som tidlegare er løyvde frå Fritt Ord
3. **Podcast:** Slåttar til dei to pilotane (komplette podcastepisodar som skal leggjast ved støttesøknader) er spelt inn. Intervju vil bli Spelemennene som speler og blir portretterte er Aslak Opsahl Brimi og Hilde Fjerdingøy.
4. Vi har brukt mykje tid på å selje annonsar til utgåve 2/2018. Det at vi har gjeve ein god pris på annonsar i starten av året, har gjort at vi må selje fleire annonsar for å klare å nå budsjett.

ii. Anna informasjonsarbeid

1. Vi har spurta juristar om hjelp til å ta ei vurdering på om vi kan gi informasjon frå våre medlemslister til folkemusikkarkivet som no blir eit samarbeid mellom NRK og Nasjonalbiblioteket. Vurderingane konkluderer med at det kan vi gjere om vi ber NRK om opplysningar om kva dei gjer for å sikre at informasjonen berre blir brukt til det formålet.
2. Grafisk arbeid med annonsar som skal være med i Folkemusikk nr 2/2018.
3. Vi ønskjer å få opp kunnskapen om forsikringsordninga i If blant alle medlemmar, og ikkje berre dei som er utøvarar
4. Har også i år tre sider om FolkOrg sitt abreid i Nor-Way bussekspres sitt sommarmagasin som ligg i alle bussar dei har sommaren gjennom.
5. Planlegg å annonser i Widerøe sitt reisemagasin for juni.
6. Har laga snapchat-konto som heiter Folkemusikk Norge. Tanken er at ulike arrangement, festivalar, prosjekt etc. kan snappe frå denne kontoen slik at vi får vist fram litt av kvart som skjer innan Folkemusikken i landet.

d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Vi var på Topplederkonferansen til Frivillighet Norge.
- ii. Vi har hatt møte med dåverande leiar i familie- og kulturkomiteen, Tone Wilhelmsen Trøen.
- iii. Vi var representert på representantskapsmøtet i RFF.
- iv. Vi har vore på samrådsmøte om folkedansen.
- v. Vi var til stades på framtidssamling: «Hvordan påvirkes kulturlivet av samfunnsutviklingen?» i regi av KUD.
- vi. Vi har vore i eit positivt møte med Freddy Øvstegård, SVs representant i familie- og kulturkomiteen
- vii. Vi hadde eit positivt møte med statssekretær Frida Blomgren. Ho sa også at dei vil sjå nærmare på det å flytte driftstilskotet, i samband

med kulturmeldinga. På same måte som dei andre er ho overraska over at dei ikkje nyttar meir folkemusikk.

- viii. Vi var representert på årsmøtet i Kulturalliansen. Linda Dyrnes var attvaled som leiar i valnemnda.
  - ix. Var til stades og heldt innlegg på leiarmøte i Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund.
  - x. Har i samarbeid med dei andre organisasjonane i Arrangørforum og Telemarksforskning sendt ut spørjeskjema for "Nasjonal arrangørstatistikk for 2017".
  - xi. Har delteke på Noregs Ungdomslag sitt seminar "Er demokratibygging gjennom frivillige organisasjonar utdatert?"
- e. Særskilde satsingar
- i. Folkedans
    - 1. FolkOrg (Øyvind Sandum) og NU (Solveig Brekke Hauknes) skal til Trondheim på fagsamling 15. mai. Dei vil under den fagsamlinga og ta opp dette med eit seminar om dansearrangement under Folkelarm 2018. Her ønskjer vi å samarbeide med RFF, men at FolkOrg og NU har regien.
  - ii. Det profesjonelle feltet
    - 1. Vi har hatt møte med Christian Pliefke i Nordic Notes, og med NORLA, om å få til eitt folkemusikkprosjekt i samband med bokmessa i Frankfurt i 2019. Det ser lovande ut, og NORLA har nesten lovt oss tilskot. Vi sender inn søknad med det første.

b) Rekneskapsrapport per 31.mars 2018

*Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:*

- Vi må sende ut medlemsfakturaer seinast i februar. Nye medlemmer bør få ei velkomsthelsing.

**Styresak 2018/23 Fordeling av rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica.**

*Vedtak:*

*Desse prosjekta får tilskot i 2018:*

*Vidare frå 2017:*

- FolkemusikkUNG
- FolkRekrutt

- Fuglen
- TØFT

Nye prosjekt:

- Bølingen
- SPREK!
- Ung Halling
- Morgondagens spelemann
- Raudan Gull
- Leik lengst nord

Administrasjonen får fullmakt til å fordele midlane på dei ulike prosjekta.

#### **Styresak 2018/24 Kriterium for årets folkemusikkarrangør**

*Vedtak:*

- 1) *Premie, juryarbeid og dekking av overnatting og reise for dei nominerte i årets folkemusikkarrangør vert ikkje endra. Prisen vert delt ut under Folkelarm i november.*
- 2) *Framlagt framdriftsplan vert vedteke.*
- 3) *Kriterium for prisen for årets folkemusikkarrangør 2018:*

FolkOrg vil gje prisen for årets folkemusikkarrangør 2018 til ein arrangør som har vist evne til å skape interesse og entusiasme for dansen og musikken gjennom gode arrangement.

#### **Styresak 2018/25 Høyringsinnspel til regionreforma**

*Vedtak: Styret godkjenner framlegg til høyringsinnspel til rapporten frå ekspertutvalet.*

#### **Styresak 2018/26 Møtekalender hausten 2018**

*Vedtak:*

1. *Styremøte 2018/04 er sett til: 17.september i Vågå*
2. *Styremøte 2018/05 er sett til: 22.-23.november i Oslo.*

#### **Styresak 2018/27 Informasjonsarbeidet i FolkOrg**

Styret drøfta og kom med innspel til informasjonsarbeidet i FolkOrg.

*Vedtak:*

- a) Vi vil vurdere å få ny nettside. Vi hentar inn kostnader og ser på dei praktiske konsekvensane av det.
- b) Vi undersøker kva det vil koste å lage korte filmar frå LK og LF som kan nyttast i media.

**Styresak 2018/28 Arbeidet med Folkemusikk og vegen vidare**

Styret drøfta og kom med innspel til magasinet Folkemusikk

*Vedtak: Redaktøren arbeider vidare med innspela som kom.*

**Styresak 2018/29 Samarbeid med Nordlek**

*Vedtak:*

- *FolkOrg går ikkje inn i noko formelt samarbeid med Nordlek*
- *Vi ser ikkje for oss ei samanslåing av våre arrangement med NORDLEK*
- *Vi kan kome med framlegg til musikarar dei kan booke.*
- *Vi er opne for å samarbeide om kulturpolitiske saker der det er naturleg.*

**Styresak 2018/30 Nye reglar for diett- og kjøregodtgjersle**

*Vedtak:*

- a) *Kjøregodtgjersle settast til skattedirektoratets sats for skattefri godtgjersle for alle som får kjøregodtgjersle gjennom FolkOrg.*
- b) *Diett for tilsette og tillitsvalde:*
  - a. *Når ein bur privat skriv ein nattillegg for ulegitimerte utgifter på losji etter statens satsar, i tillegg til skattefri godtgjersle.*
  - b. *Når ein bur på hotell skriv ein reiserekning etter skattedirektoratets sats for skattefri godtgjersle*
  - c. *Når ein bur på pensjonat, brakke eller hytte skriv ein diett på rekning avgrensa opp til statens sats for hotell, jfr. punkt b.*
- c) *Diett for dommarar:*
  - a. *Når ein bur på hotell skriv ein reiserekning etter skattedirektoratets sats for skattefri godtgjersle.*
  - b. *Ved anna overnatting får dommarane eit honorar på same nivå som statens sats for overnatting på hotell, både skattefri og skattepliktig del.*

**Styresak 2018/31 Seminar om tilskotsordningar og stiftingar**

*Vedtak: Vi gjennomfører eit seminar om å søke ulike tilskotsordningar og stiftingar, under føresetnad av at FolkOrg får ei runde til med gåveforsterkingsmidlar i år.*

**Styresak 2018/32 Eventuelt**

- a) Konkretisering av skilnad mellom lag spel på LK og LF på dommarskjema.  
Styret vedtok denne formuleringa: Dommarane skal honorere slåttar og arrangement som framhevar Landskappleiken si målsetning om å ta vare på, og styrke dei eldste vokal-, spel- og vokalformene det er tradisjon for i kvar distrikt.